



Suldal kommune

BARNEHAGE/SKULE

Utarbeidd av: Jorunn Hoås
Godkjent av: Kommunalsjef

Sist revidert:
Godkjent dato: 13.05.16

Rutine når ein er bekymra for eit barn

1. Formål/hensikt

Sikra at bekymringar rundt elevar/barnehagebarn sin omsorgssituasjon, helse, eller andre tilhøve blir handsama til beste for barnet.

2. Omfang

Rutina gjeld ved mistanke om alvorleg omsorgssvikt, vald og/eller seksuelle overgrep (Barnevernlova § 4-12), bekymring for forseinka utvikling hos barn, bekymring for lærevanskar, eller andre tilhøve som er viktige for barnet si helse, trivsel og læringsmoglegheiter.

3. Ansvar

Leiar, lærarar, barnehagelærarar, fagarbeidarar, assistentar, reinhaldarar, vaktmeister. Rutina gjeld òg for vikarar og fast tilsette.

4. Omtale

Rutina er todelt:

1. Mistanke om alvorleg omsorgssvikt, vald, og/eller seksuelle overgrep (Barnevernlova § 4-12).
 - a. Dersom ein tilsett får informasjon som tilseier at eit barn lir under alvorleg omsorgssvikt, vald og/eller seksuelle overgrep, skal han/ho straks kontakta leiar for å drøfta saka.
 - b. Leiar og den tilsette som har meldt til leiar, drøftar saka med barnevernet, eventuelt politiet. Me skal ikkje informera føresette før me snakkar med barnevernet!
 - c. Dersom det er snakk om overgrep i heimen, skal barnet ikkje sendast heim før barnevernet har undersøkt saka.
 - d. Etter at barnevernet er kopla inn, skal skulen koma med informasjon om det barnevernet ønskjer hjelp til.
2. Bekymring om mindre alvorlege tilhøve: Dersom det er snakk om bekymring om at eit barn ikkje har det optimalt i heimen, bekymring for lærevanskar, forseinka utvikling eller liknande:
 - a. Den tilsette som er bekymra, drøfter bekymringa med leiar av skulen, eventuelt med heile eller deler av personalet, t.d. i personalmøte eller trinnmøte.



Suldal kommune

BARNEHAGE/SKULE

Utarbeidd av: Jorunn Hoås
Godkjent av: Kommunalsjef

Sist revidert:
Godkjent dato: 13.05.16

Rutine når ein er bekymra for eit barn

- b. Dersom det er snakk om lærevanskar eller forseinka utvikling, set lærar/barnehagepersonale i gang enkle tiltak innanfor den ordinære undervisninga. Kontaktlærar/barnehagelærar/faglærar har ansvar for å dokumentera kva som er prøvd ut, og kva som har vore effekten av tiltaka.
- c. Kontaktlærar/pedagogisk leiar har ansvar for å samarbeida med heimen. Før ein set i gang ytterlegare tiltak, skal saka drøftast med dei føresette. Dersom kontaktlærar/avdelingsleiar/ pedagogisk leiar ønskjer det, er leiar for skulen/barnehagen med som støtte i samtalar med føresette, og/eller før og etter slike samtalar.
- d. Skulen/barnehagen kan, med samtykkje frå føresette, drøfta saka i oppvekstteam. Oppvekstteamet består av ein representant frå barnevern, PPT og helsestasjon, i tillegg til leiar for skulen/barnehagen og sosiallærar. Kontaktlærar/pedagogisk leiar for den aktuelle ungen er til stades når barnet si sak blir drøfta. Samtykkje frå føresette bør vera skriftleg.
- e. Om ein framleis er bekymra etter å ha prøvd ulike tiltak, samarbeid med heimen og drøfting i oppvekstteam, må ein vurdera tilmelding til PPT, helsestasjon, eller bekymringsmelding til barnevernet.
- f. For tilmelding til PPT gjeld eiga rutine. Denne ligg tilgjengeleg Suldal kommune sine nettsider, [oppvekst → PPT](#).
- g. For bekymringsmelding til barnevern bruker ein 'Mal for bekymringsmelding' som ligg tilgjengeleg på Suldal kommune sine heimesider, [oppvekst → barnevernet](#).

5. Avvik

Avvik skal registrerast i Suldal kommune sitt elektroniske avvikssystem.



Suldal kommune

BARNEHAGE/SKULE

Utarbeidd av: Jorunn Hoås
Godkjent av: Kommunalsjef

Sist revidert:
Godkjent dato: 13.05.16

Rutine når ein er bekymra for eit barn

6. Dokumentasjon

Barnevernlova

Opplæringslova

Mal for bekymringsmelding

Mal for samtykkje

Kvitteringliste for gjennomgang av rutina (årleg)

7. Nyttige telefonnummer:

Barnevernet (kontortid): 52 79 22 00

Barnevernsleiar mobil: 48 89 59 30

Politi: 02800